




Brattvåg Rotaryklubb

Medlemsbrev nr 2, 2019/2020
november, desember og januar,
President Harald Gudbrandsen



Redaksjon: Arne Vågnes, Bente Bruun, Torstein Slyngstadli, Bjørn Haukås, Sigrid Eidsvik, Rolv Rørhus, Lidvar Sunde, Sindre Vik

Møte 05. nov. 2019

Vinsmaking med Øyvind Haugen.

Fødselsdagar: Øyvind Haugen og Eldar Sæterøy.

Nydeleg vinterkveld, og 27 medlemmer møttes til vinsmaking på lokalet. Denne kvelden var det hvitvin på agendaen ved vår lokale vinekspert Øyvind Haugen.

Først ble faste poster unnagjort: 2 jubilantar – Øyvind og Eldar 75 år. Gratulerer!

President Harald åpnet møtet og etterlyste skjenkebevilling. Vi kom til at det var greitt da vi var et slutta lag. Så dro vi for gardinene og tenkte at det går bra! Det gjorde det. Elles ble det informert om at lyspærer til lysløypa rundt Synnlands-vatnet har ankommet og klar for skifting. Det er det mange som vil bli takknemlig for. Vi prøver å få støtte til Rotary sentralt til dette. Den 03.12.19 er det årsmøte, og vi ble oppfordret til å ta på oss verv.

Så var vinsmakingen i gang. Fire ulike hvite viner fra ulike land. Mange likte Chablis, en del den litt søtere Riesling og så var det to mindre kjente (Grüner Veltliner og Gewürztraminer). Det virket som at enten falt de i smak, eller så rynket man litt på nesen. Den ene ble vurdert som «parfymert», mens den siste mente mange var enda bedre enn Chablis.

Kommentar på bordet mitt fra Eldar: «Rieslingen gir klabbeføre i kjeften».



Vi kjenner igjen: Gewürztraminer, Grüner Veltliner, den søte Rieslingen og Chablis (Chardonnay-druen) helt til høyre.

Uansett, humøret steg etter hvert som glassene tømtes. Praten gikk livlig rundt bordene, og vi hadde en hyggelig kveld.

Takk til Øyvind som delte sin kunnskap nok en gang, han hadde også laget en fyldig dokumentasjon over alle vinene og de aktuelle druesortene.

BB

Møte 12. nov. 2019

North South Partnership ved Gunnar Hamnøy

Fødselsdagar: Endre Sandnes, Rolv Haugerud og Brattvåg by (11.11.11)

President Harald Gulbrandsen ønsket velkommen til møtet. Han startet med å orientere om noen klubbsaker:

- Vurderer å søke District Grant i Rotary om tilskudd til utskifting av lyspærer på turstien rundt Synnlandsvatnet
- Minner om årsmøtet 3.12.
- Det ble også orientert om noen små endringer i programmet framover.

Så gikk ordet til kveldens gjest, Gunnar Hamnøy. Han orienterte om sitt «hjertebarn», North-South Partnership Aid, som startet som et hjelpeprogram for barn i slummen i Nairobi.

Fra den spede begynnelsen for ca 10 år siden med en omsetning på NOK 30 000, har det nå utviklet seg til en organisasjon som omsette for nesten NOK 8 mill. i 2018. Og som gir hjelp til 1200 barn og unge. Det er et spennende arbeid, som gir framtid og håp til mange.

Hamnøy hadde med seg to unge jenter, Winnie og Sharon, som er blitt løftet opp fra fattigdom og fått hjelp til utdanning. De fortalte sine historier, og bidro også med afrikansk sang.



På bildet ser vi Winnie og Sharon.
Vel var de mørke, men motlyset
spiller en ikke ubetydelig rolle her!

Organisasjonen bygger og støtter barnehjem og skoler i Etiopia og Kenya. De støtter også lokale organisasjoner. De planlegger nå å bygge og driftet en barnelandsby i Kenya. Organisasjonen er avhengig av støttespillere, enten i form av man kan støtte et fadderbarn eller gi et fast beløp per måned. Det er selvfølgelig også mulig å støtte uten å binde seg til noe fast beløp, eller eventuelt betale for en kasse julemat til en fattig familie i slummen i Nairobi.

Brosjyrer ble delt ut, slik at de som ønsker det, kan sette seg mer inn i saken.

Ref: SE for BB

Møte 19. nov. 2019

Datasikkerhet
Ved Johannes Strand

Fødselsdagar:
Anne Marit Sønderland

President Harald åpnet møtet med ord for dagen: «Vi har alle noe å lære av været – det bryr seg ikke om kritikk». Programkomiteen er godt i gang med arbeidet for

neste år. Kom med innspill. Kumar orienterte om ny jobb, og utfordringer tilknyttet å være kandidat til neste års president i Brattvåg rotary.

Johannes startet med å lære oss at «svenskeknappen» (slå av/på) løser 50 % av alle meldte data-problemer!

Hacking – teknikker og begrep. Forklarte ulike metoder som blir brukt ved hacking. Advarte sterkt mot å bruke åpne nettverk, de plukker opp ukryptert informasjon og misbruker denne.

Nasjonale utfordringer knyttet til manglende datasikkerhet:

Opinionspåvirkning.

Destabilisering, påvirkning av valg og politiske saker. Bruker gjerne sosiale media. Valgpåvirkning, gir kontroll av velgernes bevegelser. Spionasje fra statlige aktører. Risiko for ukontrollerbare aktører.

Mål for ressurssterk hacking (stikkord): Finans. Energi. Helseinformasjon. Telekommunikasjon. Industrispionasje.

DDOS – overbelaster tjenester til f.eks banker. Nettbank blir liggende nede, stenger nede datatjenester og krever løsepassenger for å åpne. Svart nett drevet av mafia som en stor nettbutikk der du kan handle prostituerte, kredittkort, dataangrep. I hovedsak drevet av østeuropeere.

Virusprogram: Gjenbruk av passord er FY! Bruk gjerne spesialtegn i passord. Passord er på vei ut, men biometri har fortsatt ikke fått fullt gjennomslag.

Sosiale media: Risiko for ID-tjuveri, mobbing, hevnporno, sverre kampanjer, stalking, utpressing.

Kunstig intelligens: Narrow – kan f.eks. kjøre en bil. I dag! General – neste trinn, som et menneske (innen 2050?) Super intelligence – slagkraftig, tar «luven» av mennesket. Ukontrollerbart når det oppstår. Se Matrix. Kort veg fra General til Super...

Forutsetninger, datamengder, prosesseringskraft, programvare.

Konklusjon: Er vi i ferd med å skape en høyere livsform, vår overmann/kvinne? Er vi klare for dette?

Takk til Johannes for et veldig spennende foredrag.

BB

(som ble overveldet av info på meget kort tid!)

Møte 26. nov. 2019

Fritt møte + to seniorforedrag

Ved Bjørn Johnsen og Arne Tande

Bursdager:

President Harald opna møtet med ord for dagen. Det var halde styremøte, førebuing til årsmøtet.

Seniorforedrag v/ Bjørn Johnsen

Han er fra Kristiansund, fødd i 1952, og budde der til han var 20 år. Han har yrkesfaglig bakgrunn og 3-årig ingeniørutdanning. Han har også ei rekke kurs i økonomi, internasjonal eksport m.m.

Han har kone, tre barn og 7 barnebarn.

Bjørn har imponerende erfaring frå arbeidslivet. Han var først 2 år i Nordic, Kristiansund. Og kom til Hydraulikk Brattvåg i 1993, og har vore med heile vegen via Ulstein, Vickers og Rolls Royce.

I perioden 2003-2008 var han stasjonert i Shanghai som Vice President, Great China, Merchant Ships.



Deretter salgs og markedsdirektør i Nyborg AS , 2009-2018. I desse åra hadde han mykje reiseverksemd, som også gav mange fine kulturelle opplevingar.

Bjørn er no leiar for The Prime Group Norway. Det inneber marknadsføring mot austen for i alt 16 medlemsbedrifter i den maritime klynga her i nordvest.

Bjørn og familien har hytte på Fjellsetra og han har drive jakt i ein periode på 12-13 år. I mange år har han sykla saman med ei gruppe i ulike europeiske land. Og familien har også hus i Spania.

I Brattvåg I.L. har han hatt ei lang rekke verv i ein periode på ca. 16 år, formann i laget i 6 -7 år.

Seniorforedrag v/ Arne Tande

Arne er fødd i Brattvåg i 1950. Han er gift med Annlaug og dei har 3 barn og 4 barnebarn. Han tok teknisk skule i Ålesund i 1971. Han fekk så fagbrev som mekanikar ved Hydraulik, Brattvåg. Han arbeidde som reisemontør i 13 år, og treivst med det. Men fekk også nye utfordringar m.a. som prosjektleiar i eit borerigg-prosjekt.



I 1990-92 var han stasjonert i Singapore der han etablerte kontor for Hydraulik, Brunvoll og Finnøy.

I 2012 slutta han i Rolls Royce, etter også ha vore plassjef ved Hydraulik, pga. utflagging av produksjon. Dermed avslutta han eit arbeidsforhold over 40 år i Hydraulik, Ulstein, Vickers og Rolls Royce.

Han etablerte så eit pilotprosjekt , som går ut på å yte service til bedrifter som vil automatisere / robotisere arbeidsprosessar. Dette har no resultert i bedrifta Robotek AS, etablert i 2016. Heile 16 bedrifter er medeigarar, og dei har automatiseringsoppdrag i heile Møre og Romsdal.

TS for BB

Møte 03. des. 2019

Årsmøte

Fødselsdagar: Ingen

President Harald ønskte oss alle velkomne på sin vanlege måte med eit «ord for dagen»: «Hvis du drømmer om det, kan du gjøre det». Etterpå refererte han frå eit styremøte i førre veke (eige referat). Brattvåg Rotary har mottatt to utmeldingar: Elin

og Terje Fagerli. Presidenten helste til klubben frå Thomas Vadset som har vore sjuk og borte frå møta siste tida. Rolv Rørhus hadde hørt eit interessant foredrag av Sveinung Giske om Nordøy-vegen, og bad programkomiteen kontakte han for ein presentasjon i klubben vår.

Årsmøte.

- Innkalling og sakliste godt kjend.
- Anders gjekk gjennom **rekneskapen** for rotaryåret 01.07.18 til 30.06.19 og samanlikna med budsjettet for perioden. Anders let vel over resultatet. Det marginale underskotet skuldast formalia vedrørande forseinka innbetaling/periodisering. Han gjekk også gjennom styret sitt forslag til budsjett for inneverande rotaryår 2019/20. Rekneskap og budsjett vart samråystes godkjende av forsamlinga.
- Brattvåg Rotary har også ein eigen rekneskap for prosjektet «Synnalandsdalen Turløype». Anders gjekk gjennom denne rekneskapen, og klubben tok han til vitande. Vi fekk også ein status på kontoen for klubben sine «kulturnmidlar».
- Past president Jorunn presenterte **årsmeldinga** frå styret. Vi registrerer 28 møter på Hautunet, 7 kosemøter, 5 bedriftsbesøk og 4 dugnader. Paul Harris medaljen har vore gitt til Eldar Sæterøy for det store dugnads- og samfunnsengasjementet han har vist. Elles var Jorunn godt fornøgd med

innsatsen på dugnadene. Fleire prosjekt er «landa» i perioden. Elles hadde ho gode minner frå utflukta til Dryna og hytta til Svanhild. Pensjonistfesten i grennahuset på Helland vart også nemnd. Likeeins ungdomsgjengen som var med på Ryla. Klubbvert Anne Marit vart takka for den gode, trivelege og uformelle måten ho hadde leia dei festlege samkoma på. Og elles takk til alle andre som på forskjellige vis hadde bidratt til eit vellukka rotaryår.

- **Val.** President Harald presenterte innstillinga til styret. Han sa også nokre ord om utfordringane knytta til presidentvervet for neste periode (20/21): Kumar(som er foreslått) har ein krevjande arbeidsituasjon, men ikkje verre enn at klubben skal kunne handtere dette på ein tilfredsstillande måte. Alle kandidatane foreslått av styret vart samråystes valde. Eit par posisjonar (mellan anna innkomande president) står opne. Her må det gjerast suppleringsval ved eit seinare høve.

AV

Møte 10. des. 2019

Team Bjerke

Fødselsdagar: Ingen

President Harald var dagsaktuell og ønskte alle saman velkomne med sitat frå årets Nobelsprisvinner, Abiy Ahmed (Etiopias statsminister): «Hvis du vi ha en fredeleg natt, må også naboen din ha en fredelig natt».

Elles vart vi orienterte om eit par klubbsaker:

- Klubben har fått tilbod om å selje måleri av Fagermo (Ålesundsmåler). Klubben får 250 kr for kvart bilet/måleri.
- Rotary International ber som vanleg om meir pengar til globale prosjekt. Brattvåg Rotary har valt å prioritere lokale prosjekt.
- Presidenten nyttar høvet til å orientere litt om kva Rotary står for til dei mange gjestane. Dette er godt rekrutteringsarbeid på litt sikt...

Team Bjerke møtte kvinnesterkt opp med mange representantar for denne trivelege og lystige gjengen. Kvar og ein tok etter kvart ordet og gjorde greie for formål og aktivitetar. Teamet starta i 2010 og har i dag 11 medlemmar: Tove Fylling Klock, Linda Stavset, Beate Pedersen, Elin Skjelten Sønderland, Lene Klemetsen, Turid Ulvestad Davik, Lone Lindeblad, Bente Bruun, Marianne Myrset, Eva Rogne og Elin Bjerke.



Nokre av dei trivelege damene frå Team Bjerke: frå venstre Eva Rogne, Marianne Myrset, Turid Ulvestad Davik og Elin Bjerke.



Og resten av gjengen:

Frå venstre Elin Skjelten Sønderland, Linda Stavset og Lone Lindeblad. Terje og Elin Fagerli hadde ønskjer om å vere med i det gode selskap...

Formål: Fysisk trening, aktivitetar, fellesskap, engasjement, samhald, moro og trivsel. Eksempel på fysiske aktivitetar: Birkebeinerløpet (både ski, sykkelføring og løp). Nibberittet i Geiranger, Stokk og Stein i Ørsta, Molderittet, Oslo maraton, Sognefjellsrittet, osv.

Det vart også understreka kor viktig den sosiale biten av klubben er. Medlemmane er til hjelp og støtte for kvarandre når hendingar og opplevingar krev det. Opphold i Portugal og på Bjarli var like mykje sosiale aktivitetar som treningsleirar. Trivsel og moro hand i hand med trim.

Vi fekk også vite at klubben held årsmøte, gjer seriøse evalueringar av aktivitetar og prosjekt. Fordeler ansvar og set seg nye mål.

Til slutt fekk Brattvåg Rotary ei utfordring om å vere med på ein trimtur rundt Synnalandsvatnet ein gong ut på våren. Dette vart motteke med både glede og frykt! Nokre rotaryanarar gjorde damene merksame på den høge gjennomsnittsalderen og bad Team Bjerke ta omsyn til dette! Initiativet høver godt med mottoet: «All aktivitet er betre enn ingen aktivitet». Og: «Det er aldri for seint!»

AV

Møte 10. des. 2019

Julemøte

Fødselsdagar: Ingen

President Harald ønskete alle velkomne til det tradisjonelle julemøtet i Brattvåg Rotary. I staden for sine vanlege «ord for dagen» hadde han funne eit aktuelt dikt i Nordre som han las for oss: «Nisselaus jul» av Jostein Kvithaug.

Kameratskapskomiteen hadde som vanleg gjort ein fin jobb med servering av gløgg og kaker. Gode lukter og dempa belysning fekk fram den rette julestemninga.

Etterpå leia Arne V oss gjennom «Det lyser i stille grender». Han beklaga den rustne stemma, men gitar-spelet let som vanleg bra. Så var det Bente sin tur med julequizene.



Bente overraska oss med nye typar oppgåver denne gongen!

Ho kunne opplyse at ho denne gongen hadde tatt med nokre litt uvanlege oppgåver: i staden for kunnskap, hadde vi no bruk for kreativitet og oppfinnsomheit.

Ikkje alle var like begeistra for denne endringa, og gav beskjed om at mange timar med førebuing no var bortkasta ☺....

Vel, vi kom no i mål på eit vis og fekk kåra ein vinnar. Utan den tradisjonelle kranglinga med dommaren om fasit.

Etter konkurransen song vi eit par julesongar til slutt, og kunne skiljast som gode vener med ønskje om god jul og fred på jord.

AV

Møte 07. jan. 2020

Fritt møte

Fødselsdagar: Ingen

President Harald opna møtet med å ønskje godt nyttår, og velkomne til nye Ålesund kommune. Deretter var det ord for dagen.

Endre Sandnes, leiar i Programkomiteen, fekk så ordet for å orientere om programmet i vårhalvåret. M.a. opnar ein opp for senior egoforedrag. Komiteen legg opp til eit allsidig og spennande program.

Pensjonistfesten vert 18. februar. Stad og program er ikkje fastlagt. Det vert opp til Kam.komiteen. Dei har mange oppgåver. Derfor må andre ta seg av loddsal og gevinstar. Presidenten tok også opp spørsmålet om underhaldning. Styret vil ta eit møte på saka. Dei same pensjonistlaga som før vert invitert til møtet.

Rotary har fått oppmoding om å kome med framlegg til kandidatar til kommunedelsutval. Frist er 31. januar. Dette vert å ta opp på seinare møte.

På slutten av møtet gjekk praten livleg kring om ved borda. Det var tydeleg at alle hadde mykje å prate om etter jule- og nyttårs-

helga. President Harald avslutta møtet med å seie: «Det vart eit triveleg møte dette».

TS

Møte 14. jan. 2020

Nordøyvegportalen

v/ Sveinung Giske

Fødselsdagar: Håvard Sætre, Johan Mork og Tove Høistad

Møtet vart leia av president Harald Gulbrandsen.

Først nokre klubbsaker:

- Pensjonistfesten 18.2.: Planlegginga er i gong. Kameratskapskomiteen har ansvaret, og vil sende ut skriv med det første om kva dei ønskjer vi andre skal hjelpe til med.
- Vi manglar framleis kandidat til vervet som innkomande president for 1921/22.

Så over til kveldens program med overskrift:

Livet på og langs Nordøyvegen 19?? – 20?? – Ei orientering om Nordøyvegportalen v/Sveinung Giske.



Sveinung Giske orienterer om Nordøyvegportalen

Det er Haram Kulturhistoriske Lag som har tatt på seg oppgåva med å lage ei internettseite/ein database som skal dokumentere arbeidet og livet rundt Nordøyvegen frå slutten av 1950-talet og fram til i dag. For eit lag med 270 medlemmer er dette ei formidabel oppgåve, og 25-30 av medlemene arbeider no aktivt med dette.

Planen er å digitalisere gamle dokument og samle inn informasjon frå aktuelle kjelder, som t.d. Statens Vegvesen, Fylkeskommunen, Sunnmørsposten, NRK og andre media, selskapet Nordøyvegen, tidligare leiarar (t.d. Oddbjørn Vatne og Bjørn Sandnes), m.m.

Det vert også gjort intervju med aktuelle personar for å kunne dokumentere samfunnsutviklinga og historien på øyane.

For å kome i gong har laget fått sponsorstøtte frå lokale bedrifter, men vil vere avhengig av å også få støtte frå det offentlege. Dette arbeider dei med å få til.

Tanken er at portalen skal kunne vere til nytte for både «vanlege folk» og for t.d. framtidig forsking.

Adressa til sida er: www.hkhl.no.

SE

Møte 21. jan. 2020

«Din fremgang»

v/ Jeanett Rogne Johansen

Fødselsdagar: ingen

Kveldens gjest, Jeanett Rogne Johansen, var invitert for å fortelje om firmaet sitt «Din fremgang», som ho har starta for å kunne hjelpe deg og meg med råd om helse, trening og kosthald.

Jeanett er 32 år, frå Brattvåg, og vaks opp i ein familie der det var

mykje fokus på uteliv og aktivitet. Familien dreiv – og driv – Sport1 i Brattvåg, og Jeanett har også jobba der.

Hennar interesse for helse og trening gjorde at ho har satsa på utdanning som rettleiar i trening og kosthald og har jobba mykje som personleg trenar (PT). Ho var med og starta Aktiv Trening i Brattvåg i 2012, har arbeidd mykje som gruppeinstruktør, men har også prøvd seg som som leiar i Cubus og i farens butikk.

Kontorarbeid/salsarbeid har ho også vore innom, men fann ut at dette ikkje var det rette for henne.

I 2019 gjekk ho til det store skrittet å bli grundar for å kunne arbeide med det som ho likar aller best. Det var ein prosess å få dette til, men ho har stor tru på at dette skal lukkast.

Ho har kontor i Kompetanseparken, der ho tar i mot kundar til personleg rettleiing, t.d. å leggje opp eit treningsprogram eller lage ein kosthaldsplan. Ho er også personleg trenar, og har avtale med SATS 365 om at kundane hennar kan trenere der utan å ha ein avtale med senteret.

Jeanett listar opp mange gode grunnar for kvifor det er viktig med fysisk aktivitet:

- Påvirkar den mentale helsa
- Virkar mot stress
- Styrketrening hjelper deg til å «byggje» kroppen din
- Funksjonell trening er viktig for å kunne fungere i dagliglivet

- Bevegelsestrening hjelper for det meste

Jeanett slår et slag for å trenere saman med nokon, ein ven eller venninne, eller kvifor ikkje partnaren din? Ho seier at trening i par kan vere betre enn parterapi!

Til slutt inviterte ho oss til ein «prøvetime». Førstkomande tysdag har ho funksjonell trening for ei gruppe på SATS 365 kl 10.00, og der er den som vil, velkommen til å delta.

DET ER ALDRI FOR SEINT!

DET ER ALLTID PÅ TIDE!

SE



Jeanette fortel engasjert om helse og ernæring.

Møte 28. jan. 2020

Aktiv forvaltning
v/ Bjørg Marit Larsen og
Arve Longva

Fødselsdagar: Rolf Doran, Leif
Sønderland

Møtet ble ledet av president
Harald Gulbrandsen.

Klubbinfo:

- Pensjonistfesten går av stabelen 18.2. Håper på godt oppmøte, trenger at litt flere enn kamerat-skapskomiteen stiller opp. Minner om utsendt mail fra Cathrine vedr. serving.
- Neste møte er fritt møte, der flere saker vil bli tatt opp.

Så over til kveldens tema:

Vi hadde fått besøk av Bjørg Marit Larsen og Arve Longva fra Sparebanken Møre, avd. Aktiv Forvaltning.



Bjørg fortalte om dei forskjellige måtane for pengeplassering i Sparebanken Møre

Som navnet tilsier, er dette en enhet som forvalter penger for kundene. Det har vært en egen enhet siden 1999, da banken fikk konsesjon.

På grunn av vedvarende lav rente er det ikke «god butikk» å ha penger stående på ordinær konto i banken, - beløpet vil over tid tape seg i verdi, bl.a. pga inflasjon – for å kunne bevare kjøpekraften må man ha 2,6 % avkastning over tid. Det er derfor nødvendig å ta litt risiko, og det anbefales å kjøpe aksjer/aksjefond/egenkapitalbevis.

Korrigert for inflasjon har avkastningen i perioden 1978-2018 vært slik:

Norske aksjer 9 %, globale aksjer 7 %, eiendom 3,4 %, statssertifikater 2,7 %.

250 autoriserte rådgivere kan gi hjelp til plassering innen fond – de som har mer enn kr 1 mill. å plassere kan bruke Aktiv Forvaltning.

De fleste kunder har hverken kapasitet eller kompetanse til å foreta plasseringer selv. Målet er å gi bedre avkastning enn de indeksene de måler seg opp mot. Framover forventes en årlig avkastning på 8 - 10 %. Egenkapitalbevis i Sparebanken Møre har gitt god avkastning.



Arve gjorde greie for dei store linjene i det globale markedet og framtidsutsiktene.

Framover forventes fortsatt lav rente og litt svakere vekstutsikter. Frykten for resesjon blant markedsaktørene i USA har blitt mindre. Corona-viruset som herjer i Kina nå, kan få innvirkning på den globale veksten, men det er kanskje en overdreven frykt.

Prognosør for 2020:

- Fortsatt lav ledighet
- Unngår resesjon
- Oljepris på \$ 60-65 per fat
- Fortsatt lavt rentenivå
- Fortsatt gunstig å plassere i aksjemarkedet
- Forventer gode utbytter

SE